

Appendiks til Anny Aasprang, Villy Våge, Tone Nygard Flølo, Pål Andre Hegland, Ronette Kolotkin, Gerd Karin Natvig, John Roger Andersen. Pasientrapportert livskvalitet ved fedme – utvikling av nytt måleinstrument. Tidsskr Nor Legeforen 2019; 139. doi: 10.4045/tidsskr.18.0493.  
Dette appendikset er et tillegg til artikkelen og er ikke bearbeidet redaksjonelt eller fagvurdert.



## Appendiks 1 – ikke fagfellevurdert

### Patient Reported Outcomes in Obesity (PROS)

PROS er eit sjølvrapporterings skjema som måler i kva grad vekt eller kroppsform er plagsamt innanfor 8 livsområde, og er utvikla for bruk i klinisk praksis og forskning i eit samarbeid mellom klinikarar, forskarar og pasientar. Hovudføremålet er at PROS skal fremme ein dialog mellom pasient og kliniskar og dermed gje betre konsultasjonar.

PROS kan definerast som ein indikator på livskvalitet eller meir spesifikt fedmerelatert livskvalitet. Skjemaet fokuserer på grad av plager og fråvær av dette og ikkje på «positive helseaspekt». Klinikarar som nyttar skjemaet bør også fokusere på pasienten sine ressursar i konsultasjonen.

Anny Aasprang og John Roger Andersen har felles opphavsrett til PROS. Skjemaet kan brukast kostnadsfritt av alle under lisensen nedanfor.



Navngivelse-IkkeKommersiell-DeLPåSammeVilkår

CC BY-NC-SA

Bruk referansen nedanfor ved publikasjonar.

**Referanse: Aasprang A, Våge V, Flølo TN et al. Pasientrapportert livskvalitet ved fedme – utvikling av nytt måleinstrument. Tidsskr Nor Legeforen 2019; 139. doi: 10.4045/tidsskr.18.0493.**

#### Kontaktinformasjon

Anny Aasprang, e-post: [anny.aasprang@hvl.no](mailto:anny.aasprang@hvl.no)

John Roger Andersen, e-post: [john.roger.andersen@helse-forde.no](mailto:john.roger.andersen@helse-forde.no)

## Patient Reported Outcomes in Obesity (PROS)

### Nynorsk

Føler du at di vekt eller kroppsform plagar deg innanfor områda nedanfor?  
(kryss av det alternativet som passar best for deg i dagens situasjon)

Områder	Betydeleg plaga	Moderat plaga	Mildt plaga	Ikkje plaga
1. Vanlege fysiske aktivitetar (spasere, gå opp trapper og liknande)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
2. Smerter i kroppen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
3. Diskriminering eller ufin oppførsel	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
4. Søvn	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
5. Seksualliv	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
6. Vanleg sosial omgang	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
7. Arbeid, skulegang eller andre daglege gjeremål	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
8. Sjølvkjensle	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

## Patient Reported Outcomes in Obesity (PROS)

### Bokmål

Føler du at din vekt eller kroppsform plager deg innenfor områdene nedenfor?  
(kryss av det alternativet som passer best for deg i dagens situasjon)

Områder	Betydelig plaget	Moderat plaget	Mildt plaget	Ikke plaget
1. Vanlige fysiske aktiviteter (spasere, gå opp trapper og lignende)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
2. Smerter i kroppen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
3. Diskriminering eller ufin oppførsel	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
4. Søvn	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
5. Seksualliv	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
6. Vanlig sosial omgang	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
7. Arbeid, skolegang eller andre daglige gjøremål	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
8. Selvfølelse	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

## Skåring

**PROS items** blir skåra frå 0 (ikkje plaga) til 3 (betydeleg plaga) som i tabellen nedanfor.

Føler du at di vekt eller kroppsform plagar deg innanfor områda nedanfor?  
(kryss av det alternativet som passar best for deg i dagens situasjon)

Områder	Betydeleg plaga	Moderat plaga	Mildt plaga	Ikkje plaga
1. Vanlege fysiske aktivitetar (spasere, gå opp trapper og liknande)	3	2	1	0
2. Smerter i kroppen	3	2	1	0
3. Diskriminering eller ufin oppførsel	3	2	1	0
4. Søvn	3	2	1	0
5. Seksualliv	3	2	1	0
6. Vanleg sosial omgang	3	2	1	0
7. Arbeid, skulegang eller andre daglege gjeremål	3	2	1	0
8. Sjølvkjensle	3	2	1	0

**PROS-sumskår** blir kalkulert ved å kalkulere gjennomsnittleg skår for alle spørsmåla (summere opp skår for alle items og dividere med 8). Høgare skår indikerer meir plager.

## Tips til tolking og klinisk bruk (PROS)

### Items

**Grøn kode:** kliniskar kan kommentere områda som ser ut til å vere OK, og spørje om det er noko pasienten vil legge til. Kliniskar kan også gjerne spørje om det er noko pasienten har gjort som gjer at det ser ut til å greitt på desse områda (ressursar).

**Gul kode:** pasienten rapporterer milde til moderate plager. Kliniskar gir pasienten beskjed om at ein ser at her er det nokre utfordringar ein må snakke om.

**Raud kode:** pasienten rapporterer betydelege plager, noko som kliniskar må vise pasienten at ein tar alvorleg. Ved mange raude skår må kliniskar bu seg på å sette av ekstra tid til samtalen med pasienten.

**Oppfølging:** Etter avtale med pasienten kan oppfølginga vere (1) pasienten jobbar vidare med utfordringane på eiga hand (eventuelt at ein ser an korleis behandling kan føre til endringar), (2) pasienten tek ansvar for å ta kontakt med fastlege (eventuelt andre), (3) tilvising vidare i helsetenesta, eller (4) andre tiltak etter kliniskar si vurdering.

### PROS- items

Domene			
Fysisk funksjon	0	1-2	3
Smerter	0	1-2	3
Diskriminering	0	1-2	3
Søvn	0	1-2	3
Seksualliv	0	1-2	3
Sosial omgang	0	1-2	3
Daglege gjeremål	0	1-2	3
Sjølvkjensle	0	1-2	3

## PROS-sum

Sumskåren brukast som ein indikator for kor plaga pasienten er. Merk at det er viktig å ikkje bruke sumskåren aleine i klinisk arbeid sidan ein pasient kan ha låg sumskår men ha betydelege plager på enkeltområder.

PROS-sumskår er basert på at alle items er vekta likt. Slik treng det ikkje nødvendigvis vere på individnivå. I kva grad ein pasient føler seg «plaga» samla sett kan derfor avvike frå inndelinga nedanfor. Spør derfor gjerne også i kva grad pasienten føler seg plaga samla sett frå «ikkje plaga» til «betydeleg plaga».

Skår	Vurdering
<0,5	Ingen (eller svært milde plager)
0,5-1,49	Milde plager
1,5-2,49	Moderate plager
≥ 2,5	Betydelege plager